



SAKSFRAMLEGG

Utval	Møtedato	Utvalsak
Plan- og miljøutvalet		

PlanID 20220001 Flåmyrane III - Klagehandsaming og førespurnad om utsett iverksetjing

Vedlegg

- 1 20220001 Flåmyrane III - Føresegner - vedteke i kst 21.10.25
- 2 20220001 Flåmyrane III - Plankart - vedteke i kst 21.10.25
- 3 20220001 Flåmyrane III - Planomtale
- 4 Saksprotokoll - PlanID 20220001 - Detaljregulering for Flåmyrane III, 99/1 - 2. gongs handsaming og endeleg vedtak
- 5 Saksprotokoll - Framlegg til detaljregulering for Flåmyrane III, del av 99/1 og 99/346 i Våglid, planID 20220001 - 1. gongs handsaming
- 6 Vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8 til 12 - Lagt til etter handsaming i PMU
- 7 Klage frå Sverre Meling, datert 09.11.25
- 8 Vedlegg til klage frå Sverre Meling - høyringsuttale, datert 30.12.24
- 9 Klage frå Svein Halsne, datert 16.11.25
- 10 Klage frå Magny og Asbjørn Erdal, datert 17.11.25
- 11 Klage frå Andrew Greenwood, datert 20.11.25
- 12 Vedlegg til klage frå Andrew Greenwood - høyringsuttale datert 20.12.24
- 13 Vedlegg til klage frå Andrew Greenwood - høyringsuttale, datert 28.10.24
- 14 Vedlegg til klage frå Andrew Greenwood - Svar fra VK til innspill 20.12.24.pdf
- 15 Anmodning om oppsettende virkning av vedtatt reguleringsplan Flåmyrene III PlanID 20220001
- 16 Klage frå Geir Arnfinn Berg, datert 21.11.25
- 17 Vedlegg til klage frå Geir Arnfinn Berg - Supplering, datert 09.12.25
- 18 Klage frå Kristine og Roar Martinsen, datert 21.11.25
- 19 Klage frå Inger og Bjørn Eileraas, datert 22.11.25
- 20 Vedlegg til klage frå Inger og Bjørn Eileraas - høyringsuttale, datert
- 21 Klage frå Trond Nilsen og Lill Ingrid S Wold, datert 22.11.25
- 22 Klage frå Naturvernforbundet Vest-Telemark, datert 23.11.25
- 23 Vedlegg til klage frå Naturvernforbundet Vest-Telemark, datert 23.11.25
- 24 Vedlegg til klage frå Naturvernforbundet Vest-Telemark - Rundskriv frå Kommunal- og distriktsdepartementet datert 23.11.25
- 25 Klage frå Reidar Huglen, datert 23.11.25

Dokument i saka

[Reguleringsplan 20220001 Flåmyrane III](#)

Bakgrunn

Detaljregulering for Flåmyrane III, planID 20220001, vart vedteken i kommunestyret 21.10.2025, sak 83/25, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12. Vedtaket vart kunngjort 24.10.2025, med frist for klage 23.11.25. Det har kome inn 11 klager innanfor klagefristen, der ein av desse er delt opp i 10 forskjellige klager. Det har i tillegg kome ei supplering til ei av klagenes etter fristen, med ynskje om ei endring i opphavleg klage, som er teke med i klagehandsaminga. Klagenes er oppsummert og kommentert under vurdering. Det er vurdert at alle som har klagt har klagerett plan- og bygningsloven §§ 1-9 og 12-12, jf. forvaltningslova kap. VI.

Førespurnad om utsett iverksetjing

Det har kome førespurnad frå Greenwood, hytteeigar på 99/183, om utsett iverksetjing av reguleringsplanen, sjå vedlegg 15. Grunngeving for førespurnaden er for å hindre irreversible naturinngrep fram til klagenes hans er avgjort (klagenes ligg i vedlegg 11, 12, 13 og 14). Klagenes blir avgjort anten i klagehandsaminga hos kommunen, eller hos Statsforvaltaren dersom klagenes ikkje blir teke til fylgje av Plan- og miljøutvalet. Normalt er sakshandsamingstid for klagehandsaming av reguleringsplanar hos Statsforvaltaren 12 veker pluss eventuell ferie.

Utsett iverksetjing er heimla i forvaltningslova § 42, som gjev underinstans, klageinstans eller overordna organ mynde til å bestemme at vedtak ikkje skal iverksetjast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Det kan setjast vilkår for utsettinga, og avslag på iverksetjing skal vera grunngjeve.

Reguleringsplanen trer i kraft straks den er vedteken, sjølv om det føreligg klager og reguleringsplanen må opp til klagehandsaming. Tiltak som blir gjennomført er på eigen risiko for tiltakshavar dersom klagehandsaminga fører til endringar. Regelen om utsett iverksetjing er grunna i rettstryggleik, då gjennomføring før klageavgjerd kan gjera det umogleg eller svært kostbart å rette opp dersom klagen får medhald.

Ei avgjerd om utsett iverksetjing er ei prosessuell avgjerd som ikkje kan klagast på etter forvaltningslova. Både underinstans, klageinstans og overordna organ kan kvar for seg avgjera utsetting, og partane kan be om ny vurdering hos overordna organ sjølv om underinstansen har avslått.

Vurdering

Vurdering om utsett iverksetjing

Kommunedirektøren ser ikkje at det er naudsynt å gje utsett iverksetjing av reguleringsplanen, og vil rå til å gje avslag på førespurnaden. Dette er på grunnlag av at tiltaka som er påklaga er vurdert tidlegare i planprosessen, og kommunedirektøren ser ikkje at det er irreversible tiltak som Greenwood klagar på. Oppsummering av klagenes frå Greenwood og kommentarar frå kommunedirektøren ligg under. Kommunedirektøren rår til at delar av klagenes takast til fylgje ved

å endre ordlyd i nokre føresegner. Fleire av klagene er og på tiltak som blir avklart på byggesaksnivå og ikkje på reguleringsplannivå.

Dersom Plan- og miljøutvalet likevel vil vedta utsett iverksetjing vil kommunedirektøren rå til at det gjerast med vilkår som ikkje hindrar andre tiltak enn dei som er påklaga av Greenwood, slik at ikkje heile hyttefeltet vert påverka. Dette er fordi utsett iverksetjing av reguleringsplanen i utgangspunktet betyr at det ikkje kan gjevast løyve på grunnlag av reguleringsplanen, noko som og vil få konsekvensar for alle byggjetiltak i heile hyttefeltet.

Generelt om klagene

Det er fleire felles tema som har gått att i klagene, blant anna omsynet til naturmangfald, myr, boreal hei og villrein. Desse temaa er vurderte i grundig tidlegare i prosessen, både administrativt og politisk. Kommunen har vurdert planen og konsekvensane etter naturmangfaldlova §§ 8-12 (vedlegg 6) i tråd med ny rutine og krav frå Statsforvaltaren i brev datert 21.03.25 og 12.05.25.

Kommunedirektøren hadde framlegg om å ta ut fleire tomter til 1. gongs handsaming på bakgrunn av synfaring og kartgrunnlag. Dette var blant anna på grunn av myr, opne vasspegjar og eksponering i terreng, men plan- og miljøutvalet vedtok å halde på mesteparten av desse i reguleringsplanen som vart sendt på høyring og offentleg ettersyn. Det vart ikkje gjort ei ny vurdering av desse tomtene til 2. gongs handsaming, men enkelte av tomtene vart føreslege teke ut av tiltakshavar etter merknad frå offentlege instansar. Kommunedirektøren var samd om å ta ut desse tomtene til 2. gongs handsaming for å imøtekoma høyringsinnspel.

Kommunen har gjennomført fleire synfaringar i felt der myr og våtmark er undersøkt, og enkelte tomter vart føreslege teke ut. I reguleringsplanprosessen er det gjort politiske val å sikre enkelte område med myr, våtmark og opne vasspegjar med omsynssone, og andre slike område er vedteke til byggeområde, infrastruktur eller liknande.

Per i dag er det ikkje forbod mot nedbygging av myr, men det er tydelege føringar frå statlege planretningslinjer og nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging å unngå nedbygging av myr så langt som mogleg. Myr, våtmark, opne vasspegjar og anna viktig natur har vore eit sentralt tema i planprosessen. Tiltakshavar har fått ytterlegare krav til konsekvensutgreiing for å sikre eit godt nok kunnskapsgrunnlag på naturmangfald til å vedta reguleringsplanen. Kommunen meiner dei grepa som er gjort i reguleringsplanen for å sikre naturmangfald er tilfredsstillande, ref. vurdering av naturmangfaldlova §§ 8-12. Dei offentlege instansane har ikkje kome med motsegn til reguleringsplanen, og det er difor vurdert at reguleringsplanen ikkje kjem i konflikt med nasjonale interesser som dei skal ivareta gjennom [motsegnpraksis](#).

Klimagassutslepp er utrekna etter gjeldande metodikk frå miljødirektoratet basert på AR5-kartlaget. Naturtypekartlegging, raudlista artar og framande artar er kartlagt etter miljødirektoratets gjeldande metodikk, NiN (naturtypar i Norge), ein systematisk og nøytral kartleggingsinstruks med tilstandsvurdering og verdisetting. Denne verdisettinga er nytta som grunnlag til krav om KU. KU er gjennomført i tråd med gjeldande rettleiar for KU naturmangfald ([M-1941 | Konsekvensutredning av naturmangfold](#)) og motsegnpraksis frå offentlege mynde ([rundskriv Nr: T-2/16](#), revidert versjon [26.05.25](#)).

Klage frå Sverre Meling, 99/171, datert 09.11.25

Klagar på at innspela i høyringsuttalen deira ikkje er tekne omsyn til. Dei viser til at tomtene 17-6 og 17-11 er dekt av myr. Dei uttrykkjer sterk kritikk av at kommunestyret set miljøomsyn til side for å tilfredsstille utbyggjar sine økonomiske interesser, og peikar på at dette skjer kort tid etter pandemien, der kommunen sjølv sa at dei mangla beredskap til å ivareta helsetenester for både fastbuande og hytteturistar.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Det har ikkje kome inn nye moment i saka som må greiast ut i klagehandsaminga. I saksframlegg til 2. gongs handsaming vart høyringsinnspellet som om handla det same svara ut med at området er vurdert til byggjeområde i tråd med overordna plan. Det er gjort ei vurdering og prioritering på kva område som skal takast vare på og kva som går tapt til utbyggingsområde, og det er gjort eit politisk vedtak i kommunestyret etter denne vurderinga. Kommunedirektøren rår ikkje til å ta klaga til fylgje.

Klage frå Svein Halsne, 99/367 og 99/372, datert 16.11.25

Klagar meiner at fortetting av hytteområdet fører til ei klar forringing av rekreasjonsverdien og opplevinga av fri natur, som var grunnlaget for kjøp av tomt frå Berge Sag. Ved kjøpet vart det forespeila tomter mot naturområde som skulle vera ubygde, og klagar opplever det som dårleg moral å omregulere dette i ettertid.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Klaga som syner til tidlegare lovnadar om at det ikkje skal fortettast, og at fortetting i feltet senker verdi på eksisterande hyttetomter, gjeld privatrettslege tilhøve som kommunen ikkje skal ta stilling til, og vert ikkje vurdert i klagehandsaming. Det har ikkje kome inn nye moment i saka som må greiast ut i klagehandsaminga. Kommunedirektøren rår ikkje til å ta klaga til fylgje.


Klage frå Magny og Asbjørn Erdal, 99/185, datert 17.11.25

Klagar peikar på at planen er for lite detaljert, og ikkje sikrar vern av eit verneverdig furutre på nabotomta FBF3. Det blir kravd at det ikkje må byggjast nærare enn ti meter frå stammen, og at dette vert innarbeidd i planen, då dagens formulering om å ta vare på monumentale furutre «*så langt det let seg gjera*» er for svak. Klagar meiner at føresegna kan bli ignorert, noko som vil skade treet og det biologiske mangfaldet knytt til det. Det blir òg kritisert at planen opnar for inntil to hytter på FBF3 utan å spesifisere plassering eller utforming, og at det ikkje er gjort kartlegging av artar i området, der klagar har observert ryer og blåstrupe, som begge er i tilbakegang på Haukeli. Det blir kravd fagleg kartlegging før bygging. Vidare blir det peika på at friluftsområda mellom hyttene vert for små, og at det ville vore betre å ikkje byggje på FBF3 for å sikre ein korridor for skigåing og samstundes verne furutreet. Til slutt blir det påpeikt at teikningane tyder på ny vegfylling inn på klagar si tomt, noko som ikkje kan gjerast utan samtykke.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Treet er lagt inn med omsynssone i plankartet, dette er alt omtala i innspel til høyringa og vurdering til 2. gongs handsaming, og vert ikkje kommentert ytterlegare. Kommunedirektøren vil rå til å gjera ei presisering av føresegn 2.4 b) «[...] Ein skal ta vare på monumentale furutre, så langt det let seg gjera[...]», til «[...] Andre monumentale furutre utover dei som merkt som verna i plankartet skal og takast vare på så langt det let seg gjera[...]», slik at det kjem betre fram at dette gjeld andre furutre enn dei som er merkte som med omsynssone i plankartet.

Det er nokre teigar i planen som ikkje har fastlagt tomteplassering – det blir avgjort når tomtene vert detaljprosjektet og byggjemeldast. Dette vil bli nabovarsla slik at det er høve til å koma med innspel i den prosessen. Omfanget til maks utnytting og høgder er avklart i føresegnene. Området er NiN-kartlagt i 2022, og utbyggingsområda er i tråd med overordna planar. Kommunedirektøren har vurdert at dette er tilfredsstillande i høve kunnskapsgrunnlag og det har ikkje vore naudsynt å stille krav om ytterlegare naturtypekartlegging. I høve spørsmål om sti gjennom FBF3 er dette området vedteke til byggeområde. Kommunedirektøren vil ikkje tilrå å leggje inn grønnkorridor i dette området. Tomta 1-12 vert ikkje berørt av fyllingsfoten, og alle vegelementa skal halde seg innanfor arealføremåla knytt til veg og anna veggrunn. Kommunedirektøren rår ikkje til å ta klaga til fylgje.



Figur 1. Område FBF3er merkt med raud sirkel, og om lag midt i tomte er det merkt eit furutre med omsynssone.

Klager frå Andrew Greenwood, 99/183, datert 20.11.25

Klagar har sendt inn 10 merknadar han vil klage på og 15 merknadar han ikkje vil klage på. Dei 10 klagene er oppsummert og kommentert under. Alle merknadane og klagene ligg i sin heilskap i vedlegg 11. Klagar har bedt om utsett iverksetjing av reguleringsplanen fram til klagene 1-10 er avgjort. Sjå eigen vurdering på førespurnad om utsett iverksetjing som fyrste punkt under *Vurdering*.


Klage #01 – Ny veg KV6 frem til tomt FBF3.

Klage til ny veg KV6 er skildra i detalj i vedlegg 11. Oppsummert meiner han at forlenginga av KV6 med fyllingsskråningar ikkje er fornuftig, det er ikkje vurdert alternative tilkomstar til FBF3 (som til dømes frå Tjønnevegen), og konsekvensane for friluftsområde/NSV har ikkje blitt vurdert, på grunn av mangelfull prosess. Løysinga framstår som ikkje fagleg gjennomtenkt. Klagar krev at del av plan som omhandlar forlenging av KV6 blir oppheva.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Innspelet om KV6 i klaga er teke med og vurdert tidlegare i prosessen. Kommunedirektøren meiner at fyllingsfoten synt med «anna veggrunn» i plankartet er tilfredsstillande for å vurdere konsekvensar for reguleringsplanen for råka partar i løpet av planprosessen. Det er uheldig at c-teikning på forlenging av KV6 ikkje var tilgjengeleg under høyringa, og det vart gjort enkelte justeringar etter høyringa før ny politisk handsaming. Det vart vurdert at det ikkje var naudsynt med ny høyring og offentleg ettersyn. Fyllingsfoten i plankartet grensar ikkje til tomte hans, men området ligg i innsyn til klagar si tomt. Kommunedirektøren ser ikkje at endringane frå høyringa til

2. gongs handsaming er så store at det er grunnlag for å fjerne vegen, og meiner at vegløyisinga gjev ei god terrengtilpassing for området og tilpassing i høve tomt 4-2 frå eksisterande vegsituasjon. Vasspegelen vert ikkje berørt av fyllingsfoten, og alle vegelementa må halde seg innanfor arealføremåla knytt til veg og anna veggrunn. Anna vegareal syner og ytre grenser for kvar fyllinga kan gå, ikkje endeleg utforming av tiltaket. Reguleringsplanen har ikkje endeleg detaljprosjektering av alle vegar. Kommunedirektøren rår ikkje til å ta klaga til fylgje.



Figur 2. Til venstre: plankart til høyringa, til høgre: plankart etter 2. gongs handsaming.

Klage #02 – Føresegn 4.2.2 c) er mangelfull.

Klagar viser til fellesføresegn for bygningar og anlegg 4.1.1 l) Jordskjeringar og fyllingar på meir enn 1,5 m over opphavleg terreng skal trappast.

Avtrapping av skråningar bør og gjelde for Annan veggrunn – grøntareal (AVG). No seier 4.2.2 c) Synleg fjellskjering skal ikkje vera meir enn 1,5 meter høg. Det må leggjast til "fyllingar på meir enn 1,5 m over opphavleg terreng skal trappast"

Kommentar frå kommunedirektøren:

Endring i denne føresegna kan føre til at fyllingsfot på utviding av KV6 må utvidast, som vil gå utover vasspegel. Kommunedirektøren vil ikkje rå til å ta klaga til fylgje.

Klage #03 – Føresegn 2.4 b) er mangelfull.

Viser til føresegn 2.4 b) Eksisterande vegetasjon skal i størst mogleg grad takast vare på. Ein skal ta vare på monumentale furutre, så langt det let seg gjera. Det skal nyttast stadeigen plantemateriell ved revegetering, og tilsåing.

Teksten «så langt det let seg gjera» må fjernast for at monumentale furutre skal vernast. Om det i eit tenkt tilfelle skal fjernast eit furutre må det då søkjast om dispensasjon frå planen. Det må utarbeidast kriteria for definisjon av monumentale furutre, og heile området må kartleggast ut frå desse.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Sjå kommunedirektøren si vurdering under klage frå Erdal. Ordlyden i føresegna bør endrast for å klargjera at det er snakk om andre monumentale furutre som ikkje er merkt med omsynssone skal

takast vare på så langt som råd. Det er gjort ei kartlegging og vurdering av kva furutre som skal sikrast i planen, desse er merkt i plankart, og ein må dispensere frå planen dersom desse skal fjernast. Kommunedirektøren vil ikkje rå til å ta klaga til fylgje om å fjerne føresegna, men vil rå til å presisere denne betre.

Klage #04 – Føresegn 2.3 b) krav til funksjon

Viser til føresegn 2.3 b) Det er høve til å grave ned straumkablar og kommunaltekniske anlegg i samsvar med teknisk plan. VAO-grøfter, straum eller fiber kan etablerast innanfor alle føremål. Arbeidet skal utførast med skånsam terrengbehandling.

Føresegna seier at det er lov til å etablere tekniske tiltak innanfor alle arealføremål, også FL (friluftsføremål), LO (særlege landskapsomsyn) og NSV (naturområde i sjø og vassdrag). For å verne om viktige verdier i reguleringsplanen er det riktig at tekniske føringar ikkje blir tillate i FL-, LO- og NSV-områda, desse må spesifikt unntakast frå 2.3 b).

Kommentar frå kommunedirektøren:

Vatn og avløp skal i hovudsak leggjast i vegbane eller i sikringssone H190_3 i plankartet, ref. VAO-plan godkjent av teknisk avdeling i kommunen. Det kan vera tilfelle der ein i arbeidet ser at det er ei betre løysing å gjera litt om på traseen, og føresegna er meint å gje rom for dette utan å måtte søkje dispensasjon. Dette skal vurderast av byggesak. Kommunedirektøren rår til å ta klaga delvis til fylgje ved å leggje til i føresegn 2.3 b) at arealføremåla LO (særlege landskapsomsyn) og NSV (naturområde i sjø og vassdrag) skal unntakast, men ikkje FL (friluftsføremål). Det bør og leggjast til i føresegna at byggesak skal vurdere behovet for eventuelle endringar i VA-trasear til FL-område.

Klage #05 – Føresegn 4.1.3 fritidsbusetnader frittliggjande – FBF3

Teig FBF3 må detaljerast med tanke på plassering av tomter og einingar, og det må takast omsyn til dei monumentale furutrea på FBF3. Det er og ein mykje bruka tursti over FBF3 som ikkje er omtala i planarbeidet. Stitraseen med sidevegetasjon må kartleggast, definerast og oppretthaldast over FBF3.

Føresegn 4.1.3 Fritidsbusetnadar – frittliggjande (FBF3, FBF5, FBF8, FBF21, FBF34 og FBF35) – manglar avklaring av kva som kan byggjast. Føresegner a) til d) må bearbeidast og konkretiserast.



Figur 3. Raud line syner tursti over FBF3.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Sjå kommunedirektøren si vurdering under klage frå Erdal. Det er nokre teigar i planen som ikkje har fastlagt tomteplassering – det blir avgjort når tomtene skal byggjemeldast, og dette vil bli

nabovarsla slik at det er høve til å koma med innspel i den prosessen. Omfanget til maks utnytting og høgder er avklart i føresegnene. I høve spørsmål om sti gjennom FBF3 er dette området vedteke til byggeområde og det vil ikkje tene så mange tomter med ein grøn korridor gjennom dette området. Kommunedirektøren vil ikkje tilrå å leggje inn grønkorridor i FBF3 og rår ikkje til å ta klaga til fylgje.

Klage #06 – Føresegn 2.5b) Myr og naturmangfald (VAO)

Viser til føresegn 2.5 b) Det skal ikkje byggjast på intakt myr og våtmark slik det kjem fram av plankartet, og drenering/grøfting er ikkje tillate. Det kan leggast veg, infrastruktur, skiløyper, tursti og liknande over myr under føresetnad at den økologiske funksjonen til myra ikkje vert vesentleg forringa og ein følgjer desse føresegnene:

- Veg, vatn- og avlaupstraséar som kryssar myr skal etablerast på ein slik måte at myras eigenskap og vassbalanse oppretthaldast. Myrmassar som fjernast ved etablering av VA-trasé skal leggast tilbake. I vegtrasé skal myrmassar som fjernast leggast inntil vegkropp på ein slik måte at ein opprettheld myras funksjon best mogleg.*

Avløpsleidningar blir i praksis lagde i grøfter med minimum fall 1:60 etter kommunalnorn. Dei blir ikkje lagt direkte i myrmassar, men i singelmassar ned til frostfri djupn. Singelfylling med fall 1:60 vil fungere som føringsveg for myrvatn, og leirepluggar hindrar ikkje drenering over tid. Dermed vil avløpsgrøfter gjennom myr gradvis endre vassbalansen i myra. Dersom leidningar blir lagde direkte i myrmassar utan masseutskifting, vil det føre til setningsskadar til rør som vil medføre svankar i røra, ståande vatn og lekkasjar. Same dreneringseffekt gjeld også for overvassleidningar og delvis for vassleidningar.

Klagar vil at teksten i 2.5 b) skal endrast til at det ikkje er tillate å leggje vatn, avløp eller overvassleidningar gjennom myr.

Kommentar frå kommunedirektøren:

VA-traséane er regulert gjennom VAO-planen, denne er godkjent av kommunen v/Teknisk drift og infrastruktur. VA ligg som hovudregel i vegbanen, der det ligg utanfor vegbanen ligg VA inne med sikringssone H190_3 i plankartet, med høve for justeringar gjennom andre arealføremål, jf. føresegn 2.3 b). VA blir detaljprosjektert og søkt om saman med teknisk infrastruktur i området. Kommunedirektøren rår ikkje til å ta klaga til fylgje.

Klage #07 Føresegn 2.5 b) Myr og naturmangfald – ikkje bygging på intakt myr og våtmark.

Viser til føresegn 2.5 b) og setninga: «slik det kjem fram av plankartet». Intensjonen med tilleggsteksten er uvisst, og ho bør fjernast.

Klagar meiner at problemet er at det ikkje finst kart i plandokumentasjonen som viser kva som er intakt myr, sjølv om dette må vera grunnlag for klimagassutslepp-rekneskapen. Det er uklart korleis «slik det kjem fram av plankartet» skal tolkast, og byggesaksbehandling etter denne regelen er i praksis umogleg. NIBIO sitt AR5-register viser heller ingen data om myr i området, som framstår som eit «svart hol» av kunnskap.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Syner til innleiande avsnitt om myr og våtmark. Her er det og omtala klimagassutslepp utrekna frå AR5-kartlaget etter gjeldande metodikk. Kommunedirektøren har ingen ytterlegare kommentar til denne delen av klaga. Føresegn 2.5 b: «slik det kjem fram av plankartet», er ei løysing for å knytte føresegna saman med arealføremåla i plankartet på ein tydeleg måte. I arealføremåla med NSV

(naturområde i sjø og vassdrag) og anna myr og våtmark i FL (friluftsføremål) og LO (særleg landskapsomsyn) skal det ikkje gjerast tiltak som kan forringe den økologiske funksjonen. Kommunedirektøren meiner dette er tilfredsstillande og vil ikkje rå til å ta klaga til fylgje.

Klage #08 Føresegn 4.4.1 b) Friluftsføremål (FL)

Syner til føresegn 4.4.1 Friluftsføremål (FL) b) *Det er høve til å nytte føremålet til mellombels anleggsområde i samband med tiltak og i samsvar med dokumentasjon til søknad om løyve.*

Denne gjev for stor fullmakt til å ta i bruk Friluftsføremål til mellombels anleggsområde. Det er normalt i reguleringsplanar at der ein ikkje kan unngå dette blir det gjort via eit bestemmelsesområde med tilhøyrande føresegn. Klagar meiner at heile føresegn 4.4.1 b) må fjernast og erstattast av spesifikk # bestemmelseområde(r) med tilhøyrande føresegn "mellombels område for bygg og anlegg".

Kommentar frå kommunedirektøren:

Mellombels anleggsområde er søknadspliktig etter plan- og bygningsloven og skal nabovarslast til råka partar. Det er byggjesak som skal vurdere om dette er aktuelt og om området kan nyttast. Kommunedirektøren meiner dette er tilfredsstillande og at det ikkje er naudsynt å leggje inn føresegnområde i plankartet eller fjerne føresegn 4.4.1 b. Det kan vera føremålstenleg å leggje til ei setning i 4.4.1 b) «Mellombels anleggsområde i FL er søknadspliktig, og området må tilbakeførast etterpå til naturleg terreng.» Kommunedirektøren vil ikkje rå til å ta klaga til fylgje, men nysansere føresegna noko.

Klage #09 føresegn 6.1.1 om plan for opparbeidelse av #1-område etter ferdig fylling

Endring som blei gjort i Plan- og miljøutvalet om å fjerne FTU har konsekvensar som ikkje er fanga opp i føresegnene. Klagar meiner at det må leggjast til ei føresegn 6.1.1 om krav til plan for avslutning av området og korleis området skal sjå ut etter oppfylling og tilbakeføring til FL-område, slik at det ikkje endar opp som lagringsplass for anleggsmaskiner/varer, og aldri blir skikkeleg avslutta. Delar av FTU kunne til dømes blitt tilrettelagt som ei preparert rundløype og brukast til skileik.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Kommunedirektøren vil rå til å endre føresegn for bestemmelsesområde #1 (som tidlegare var dekt av FTU-føremål) i føresegn 6.1.1 a) for å leggje inn krav for ferdigstilling av området og avklaring for etterbruk. Kommunedirektøren rår til at denne delen av klagene vert teke til fylgje.

Klage #10 rekkjefylgjeføresegn §7.5 Før bygning blir teken i bruk.

Syner til rekkjefylgjeføresegn 7.5 Før bygning blir teken i bruk a) *Før ferdigattest på teknisk anlegg gjevast skal deponi ved område #1 vera ferdigstilt.* Det er eit misforhold mellom overskrifta i 7.5 «før bygning blir teken i bruk» og punkt a) om ferdigattest for teknisk anlegg.

Klagar meiner at forsøket på å regulere tidspunkt for ferdigstilling av område #1 har ikkje lukkast. Intensjonen var truleg å knyte ferdigstilling til ein milepæl for å hindre at fyllinga i område #1 blir eit uendeleg prosjekt, noko som skapar ulemper for hyttefeltet som heilskap. Problemet er at 7.5 er for lite presis til å kunne handhevast. Føresegn 7.5 må skrivast om for å kunne ivareta intensjonen med rekkjefylgjekravet.

Kommentar frå kommunedirektøren:


Overskrift på føresegn 7.5 er feil, og må rettast opp om den skal behaldast. Kommunedirektøren har tatt ei ny vurdering av rekkjefylgjekravet, og er samd med klagar i at den ikkje treff slik den skal. Kommunedirektøren rår til å fjerne rekkjefylgjekravet. Intensjonen med å lage ei oversiktleg tidshorisont for anleggsverksemda ved bestemmelsesområde # 1 kan ivaretakast betre gjennom utvida krav til søknad for bestemmelsesområde #1 i føresegn 6.1.1 a), med krav til driftsplan, avslutningsplan og tidspunkt for avslutning av tiltaket. Dette tiltaket skal og nabovarslast, slik at det høve til å koma med innspel då. Kommunedirektøren rår til at denne delen av klagene vert teke til fylgje.

Klage frå Geir Arnfinn Berg, 99/499, datert 21.11.25, med supplerings datert 09.12.25

Klagar, som eig tomt 4-2, protesterer mot plassering av ny fritidsbustad på høgdedraget bak hytta deira. Hytta ligg lågt i terrenget, og ei ny hytte kan bli om lag fem meter over takhøgda på klagar si hytte, og vil i verste fall ta frå dei sol frå tidleg formiddag til kveld. Dei ber om at den nye hytta vert plassert lågare i terrenget bak høgdedraget. Vidare ynskjer klagar at tursti og skiløype blir verande som i dag. I ei supplerings til klaga klargjer dei at vegen inn til FBF3 med sideutfylling vil vera eit stort og øydeleggjande naturinngrep, og at dei heller ikkje tillét at vegen går over deira eigedom.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Sjå kommunedirektøren si vurdering under klage frå Erdal. Det er nokre teigar i planen som ikkje har fastlagt tomteplassering, men omfanget til maks utnytting og høgder er avklart i føresegnene. Tomteplassering blir avgjort når tomtene skal byggjemeldast, og dette vil bli nabovarsla slik at det er høve til å koma med innspel i den prosessen. Kommunedirektøren vil ikkje tilrå å leggje inn grønkorridor i dette området. Kommunedirektøren rår ikkje til å ta klaga til fylgje.




Figur 4. Kartet syner klagar si tomt og teig FBF3.

Klage frå Kristine og Roar Martinsen, 99/387, datert 21.11.25

Planlagt fortetting kan ha negative konsekvensar for området og eksisterande hytter. Dei skildrar Flåmyrane som eit samanhengande myrområde i skråninga mot E134, og det blir peika på risiko for påverknad av myrene og auka overflateavrenning. Dette kan føre til vatn som kryssar E134 og

renn ned i nærliggande vatn, inkludert Eivindbuvatn, som er drikkevasskjelde for hyttefeltet, med moglege konsekvensar for kvaliteten på drikkevatnet.

Vidare blir det peika på at etablering av fleire nye vegar kan medføre utfordringar med vinterbrøyting, redusert sikt i kryss og dårlegare framkome for naudetatar og gåande. To av dei planlagde vegane (sjå utsnitt under) vil gå over eksisterande skiløyper og stiar, og terrenginngrep med skjeringar på 2-3 meter kan påverke tilgjenge og utsikt.



Figur 5. Klagar har markert dei aktuelle vegane som blir klaga på.

Eksisterande grusvegar blir omtalt som underdimensjonerte og allereie påverka av avrenning, og det blir uttrykt bekymring for ytterlegare slitasje under anleggsperioden og etter utbygging. Dei meiner fortettinga er for omfattande og vil redusere rekreasjonstilhøve for eksisterande hytter, og viser til tidlegare erfaringar med lite omsyn til hytteeigarar under utbygging. Som alternativ foreslår klagar å fjerne nokre tomter for å redusere behovet for nye vegar, betre trafikktryggleiken og avgrense avrenning til Eivindbuvatn.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Teknisk plan (VAO-plan) har teke for seg vatn og avløp og overvasshandtering i området. Denne planen er godkjent av teknisk avdeling i kommunen. Kommunedirektøren meiner temaet er godt greia ut i planprosessen tidlegare med naudsynnte dokumentasjon og vurderingar. Området kring KV13 og KV31 (vist i figur 6) er vedteke som byggjeområde i tråd med overordna plan. Det er lagt inn ein grøn korridor frå vegen og ned mot parkeringsplass. Området elles er lagt inn som FRI (friområde) og kan tene til rekreasjon og friluftsliv. Trafikktryggleik er greia ut i planomtala, og talet på tomter er vurdert opp til fleire gonger i løpet av planprosessen og det er gjort vedtak i kommunestyret på tal på tomter i plane. Kommunedirektøren vil ikkje rå til å endre på dette i klagehandsaminga. Innspelet i klagen er greia ut tidlegare i prosessen og det har ikkje kome inn noko nye vesentleg moment i saka som skal vurderast på nytt i klagehandsaminga. Kommunedirektøren vil ikkje rå å ta klaga til fylgje.

Klage frå Inger og Bjørn Eileraas, 99/492, datert 22.11.25

Klagar viser til tidlegare innspel i høyringsprosessen og meiner desse ikkje er tekne omsyn til. Klagar peikar på at planen legg til rette for ei omfattande utviding og fortetting i eit sårbart fjellområde, med risiko for varig skade på naturmangfald, myr og våtmark, samt auka press på villrein og anna dyreliv.

1. Område FBF11 blir særleg trekt fram. Dei ber om at område FBF11 blir teke ut av planen eller betydeleg redusert, fordi utbygging her vil gje eit negativt terrenginngrep og at det vil gje uheldig visuell dominans i dette område.
2. Dersom FBF11 ikkje blir teke ut av planen ber dei om at Off-grid-konseptet praktiserast utan nettilkopling.
3. Det blir òg uttrykt uro for eit verneverdig furutre nær planområdet, og klagar ber om justering av grensa på arealføremålet, samt utviding av omsynssone H560 for å sikre treet.
4. I tillegg ønskjer klagar å kjøpe eit tilleggsareal på ca. 5,5 m på nordsida av hytta for å betre tilkomst, brannsikkerheit og framtidig nabosituasjon, og ber om at dette blir innarbeidd i planen.

Klagar understrekar at området har stor naturverdi med rikt dyre- og fugleliv, og viser til nasjonale mål om å ta vare på naturmangfald og villrein. Dei ber om at kommunen vurderer innspela på nytt og legg større vekt på å unngå uopprettelege naturinngrep i eit sårbart fjellområde.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Punkt 1 og 2 – innspela knytt til off-grid området FBF11 er greia ut tidlegare i prosessen og det har ikkje kome inn nye moment i saka. Kommunedirektøren vil ikkje rå til å ta klaga til fylgje.

Punkt 3 - Det er gjort ei kartlegging og vurdering av kva furutre som skal sikrast i planen, desse er merkt i plankartet. Kommunedirektøren vil ikkje rå til å endre på arealføremålet og omsynssona og rår ikkje til å ta klaga til fylgje.

Punkt 4 – Kjøp av tilleggsareal er privatrettsleg og kommenterast ikkje ytterlegare. Dette innspelet er også greia ut tidlegare i prosessen.

Klage frå Trond Nilsen og Lill Ingrid S Wold, 99/173, datert 22.11.25

Klagar peikar på at store delar av områda rundt eigen eigedom (FB35, 17-4, 17-5 og 17-6) består av intakt myr og våtmark med fleire vasspegjar, samt bekkar og bekkedrag som vil bli negativt påverka av utbygging. Dette blei påpeika i innspel til høyringa, men ikkje teke til fylgje. Det blir vist til innspel frå Statsforvaltaren, NVE og Telemark fylkeskommune som åtvarar mot nedbygging av våtmarkssystem og understrekar at føre-var-prinsippet bør leggjast til grunn. Klagar peikar på mangelfull kartlegging og usikkerheit om omfanget av myr, motstrid mellom plankart og føresegner fordi all myr ikkje er identifisert i plankartet, og at miljøomsyn og samfunnsansvar ikkje er tilstrekkeleg ivaretekne. Dei skriv at utbygging i myr og våtmark strir mot nasjonale og internasjonale miljømål og ber om at vedtaket blir reversert eller at det blir gjennomført ei ny og grundig vurdering av konsekvensane før eventuell utbygging. Klagar oppmodar kommunen til å fylgje nasjonale føringar og føre-var-prinsippet i all arealforvaltning, særleg for sårbare naturtypar som myr og våtmark.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Syner til innleiande avsnitt om myr, våtmark og naturmangfald. Innspelet deira knytt til myr, våtmark, villrein og naturmangfald har vore kommentert og vurdert tidlegare i prosessen. Det har ikkje kome inn nye vesentlege moment og kommunedirektøren vil ikkje rå til å ta klaga til fylgje.

Klage frå Naturvernforbundet Vest-Telemark, datert 23.11.25

Naturvernforbundet i Vest-Telemark (NVVT) meiner planen ikkje kan vedtakast med den kunnskapen vi har i dag om villrein, myr og boreal hei. NVVT peikar på at det på nasjonalt nivå blir arbeidd med tiltaksplanar for villrein og forbod mot nedbygging av myr, og at det er ulogisk og i strid med desse måla å legge til rette for meir ferdsel i randsona til villreinområde og samtidig bidra til nedbygging av myr. Planen opnar for 153 nye hyttetomter midt mellom to villreinområde, i myr og ved vasspeglar, og omfattar boreal hei. NVVT meiner vurderingane av naturmangfaldslova i planomtala frå 2022 er overflatiske, og at villrein som raudlisteart ikkje er nemnd.

Kommunedirektøren har peika på truga artar og sårbare naturtypar i si vurdering, men tilrådd utbygging likevel, noko NVVT omtalar som ein «logisk brist». Dei meiner fortetting i eksisterande felt vil auke ferdsla inn i villreinområda og at planen legg opp til bygging i myr og vasspeglar i strid med ny kunnskap. NVVT viser til råd frå Statsforvaltaren og brev til kommunane om strengare bruk av naturmangfaldslova, og meiner kommunen ikkje har teke dette innover seg.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Villrein, myr og naturmangfald er godt utgreia i planprosessen og plandokumenta, og tiltakshavar har fått ytterlegare krav til konsekvensutgreiing, samt at kommunen har utført eigen vurdering av naturmangfaldlova §§ 8-12 i tråd med nye krav frå statsforvaltaren. Kommunedirektøren meiner dette er tilfredsstillande for å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag til å fatte eit vedtak. Dei offentlege instansane har ikkje kome med motsegn til reguleringsplanen. Det har ikkje kome inn nye vesentlege moment og kommunedirektøren vil ikkje rå til å ta klaga til fylgje.

Det er ikkje praksis for å leggje ved rundskriv frå departement i plansaker. Rundskriv, retningslinjer og forventningar har vore lagt til grunn for planarbeidet og vurderingar i løpet av planprosessen. Brevet inneheldt ikkje ny informasjon, men ei oppmoding om å ta vare på myr og naturmangfald i arealplanlegging. Desse tema har vore grundig vurdert og handsama i denne reguleringsplanen. Det er difor ikkje ein sakshandsamingsfeil at dette brevet med oppmoding ikkje vart lagt fram i kommunestyret, då desse føringane har vore gjeldande frå oppstartsmøtet og gjennom heile planprosessen.

Klage frå Reidar Huglen, 99/93, datert 23.11.25

Klagar viser til tidlegare innsendte kommentarar til reguleringsplanen datert 21.01.2025 og byggjer klaga på dokumentet *Konsekvensutgreiing Naturmangfald* (Aquapartner Telemark AS). Med utgangspunkt i verdisetting og påverknad på område definert som boreal hei, ber klagar om at fylgjande område i reguleringsplanen blir verna og står urørte, med prioritering av områda D5 og D6, deretter D6 åleine, og til slutt D3, D5 og D6, samt forslaget frå mindretalet i Vinje kommunestyre.

Klagar peikar vidare på at planteikning for VA ikkje viser eksisterande VA-trasear for A-feltet der leidningane samlast nedanfor parkeringsplassen og kryssar vegen mot Skjerdalsrusti, og heller ikkje dagens VA-trase frå Flåmyrane I som er kopla saman med rør frå A-feltet ved parkeringsplassen.

I tillegg viser klagar til eit oppslag i Haugesunds Avis 6. november 2025, der ordføraren uttalte at planane var komne så langt at det var uaktuelt å stanse prosjektet.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Konsekvensutgreiinga er godkjent av kommunen og det har ikkje kome inn merknadar frå offentlege instansar som underkjenner denne. Innspelet i klaga er greia ut tidlegare i prosessen og det har ikkje kome inn noko nye moment i saka. Kommunedirektøren vil ikkje rå å ta klaga til fylgje. Artikkelen i Haugesund Avis er ikkje relevant å kommentere i klagehandsaminga. Planteikning for VA treng ikkje å vise eksisterande VA-leidningar som er planlagt skal fjernast og flyttast.

Klage frå styret i Haukelifjell Hytteforening, datert 23.11.25

Hytteforeininga meiner at vedtaket byggjer på feilaktig informasjon og er usakleg grunnitt, og at det i tillegg omfattar felles infrastruktur som vegnett, parkeringsplassar og leidningsnett. Klaga er i hovudsak basert på manglar ved grunngevinga og feil i beslutningsgrunnlaget. Når det gjeld grunngevinga, peikar klagar på at innspel frå høyringa ikkje er vurderte, at fleire merknader ikkje ligg ute på kommunen sine nettsider, og at oppsummeringa berre tek med enkelte tema. Det blir òg vist til ei uttale frå ordføraren om at planane var komne så langt at det var uaktuelt å stanse prosjektet, noko klagar meiner er eit utanforliggjande omsyn som kan omfattast av ulovfesta reglar om myndesmisbruk. Innspel frå Statsforvaltaren og nasjonale føringar for villrein, vassmiljø og klima er ikkje tekne omsyn til.

Dokumentasjon frå hytteeigarar og offentlege instansar viser at plankartet er misvisande når det gjeld myr, våtmark og vasspegar, og at fleire område med stor naturverdi er regulerte til hytteutbygging. Dei nemner spesifikke eksempel: *vannspeil på tomt 16-9, 20-6, 20-8 og 18-3. I tillegg ser man større våtmarkssystem på flere av tomtene innenfor områdene med tomtenummer 20, 19, 18, 15,13, 17, FB35 og FBF21. I tilknytning til disse områdene er det også mye myr.* Dette skaper motstrid mellom plankartet og føresegnene om naturmangfald og klimatilpassing.

Dei peikar òg på at området omfattar boreal hei med stor verdi, det einaste området i Vinje ut frå Miljødirektoratet sitt kart over boreal hei, og at utbygginga vil medføre betydelige konsekvensar for naturmangfald. Etter klagar sitt syn er natur- og miljøomsyn ikkje vurderte på forsvarleg grunnlag, og fleire tidlegare innspel om trafikksituasjon, felles leidningsnett og parkeringsplassar er heller ikkje tekne omsyn til.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Merknadane i klaga har vore kommenter og vurdert tidlegare i planprosessen. Alle plandokument i saka inkludert høyringsinnspel og innspel knytt til varsel om oppstart har vore og er tilgjengelege på arealplaner.no under planprosessen og ein kan ta kontakt med kommunen for å få rettleiing eller tilsendt aktuelle dokument. Alle innspel og høyringsinnspel i saka har vore kommentert til politisk handsaming. Fleire av innspela gjekk på dei same temaa, og har difor vore svara ut samla i saksframlegga. Fleire av innspela har vore av privatrettsleg karakter og ikkje noko som skal vurderast i planprosessane.

Det har ikkje kome inn nye vesentlege moment og kommunedirektøren vil ikkje rå til å ta klaga til fylgje. Artikkelen i Haugesund Avis er ikkje relevant å kommentere i klagehandsaminga.

Konklusjon

Kommunedirektøren rår til å ta ei av klagene til fylgje i sin heilskap:

Klage nr. 9 frå Andrew Greenwood, 99/183, datert 20.11.25

1. Føresegn 6.1.1 a) endrast til (ny tekst i raudt): «Arealet regulerast til føresegnsområde for terrengforming. Det planleggast å fylle opp området til ei planeringshøgde inntil 846

moh. Tiltaket er søknadspliktig. Det skal brukast eigna masser til oppfylling. Det skal ikkje fyllast med skrotmasse, stubbar/røter, eller liknande i dette området. **Det er krav til driftsplan, avslutningsplan med skissert etterbruk av området og det skal leggjast inn ein sluttdato for anleggsarbeidet ved deponiet. Terrengprofil før og etter tiltak skal fylgje søknaden.»**

Kommunedirektøren rår til å ta desse klagene delvis til fylgje, med endring av enkelte føresegner: Klage frå Magny og Asbjørn Erdal, 99/185, datert 17.11.25 og klage nr. 3 frå Andrew Greenwood, 99/183, datert 20.11.25

2. Endre føresegn 2.4 b) frå: «[...] Ein skal ta vare på monumentale furutre, så langt det let seg gjera[...]», til «[...] Andre monumentale furutre utover dei som merkt som verna i plankartet skal og takast vare på så langt det let seg gjera[...]»

Klage nr. 4 frå Andrew Greenwood, 99/183, datert 20.11.25

3. Føresegn 2.3 b) endrast til: «Det er høve til å grave ned straumkablar og kommunaltekniske anlegg i samsvar med teknisk plan. VAO-grøfter, straum eller fiber kan etablerast innanfor for alle føremål, **utanom LO (særlege landskapsomsyn) og NSV (naturområde i sjø og vassdrag)**. Arbeidet skal utførast med skånsam terrengbehandling. **Byggjesak skal vurdere behovet for eventuelle endringar i VA-trasear i FL-område i søknad til tiltak.»**

Klage nr. 8 frå Andrew Greenwood, 99/183, datert 20.11.25

4. Leggje til ei setning i 4.4.1 b) «**Mellombels anleggsområde i FL er søknadspliktig, og området må tilbakeførast etterpå til naturleg terreng.**»

Klage nr. 10 frå Andrew Greenwood, 99/183, datert 20.11.25

5. Rekkjefylgjeføresegn 7.5 utgår. Sjå framlegg til endra føresegn 6.1.1 a) i punkt 1.

Kommunedirektøren rår ikkje til å ta desse klagene til fylgje:

6. Klage frå Sverre Meling, 99/171, datert 09.11.25
7. Klage frå Svein Halsne, 99/367 og 99/372, datert 16.11.25
8. Klager frå Andrew Greenwood, 99/183, datert 20.11.25 – klage nr. 1, 2, 5, 6, 7
9. Klage frå Geir Arnfinn Berg, 99/499, datert 21.11.25, med supplering datert 09.12.25
10. Klage frå Kristine og Roar Martinsen, 99/387, datert 21.11.25
11. Klage frå Inger og Bjørn Eileraas, 99/492, datert 22.11.25
12. Klage frå Trond Nilsen og Lill Ingrid S Wold, 99/173, datert 22.11.25
13. Klage frå Naturvernforbundet Vest-Telemark, datert 23.11.25
14. Klage frå Reidar Huglen, 99/93, datert 23.11.25
15. Klage frå styret i Haukelifjell Hytteforening, datert 23.11.25

Kommunedirektøren vurderer at framlegg til endringar i klagehandsaminga er ikkje så vesentlege at det er nødvendig med ny høyring eller nytt offentleg ettersyn.

Klager som ikkje blir teke til fylgje blir sendt til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

1. Plan- og miljøutvalet vedtek ikkje utsett iverksetjing av reguleringsplan Flåmyrane III fram til klagehandsaming er endeleg avgjort, jf. fvl. § 42. Avslaget kan ikkje påklagast. Grunngeving for avslaget er at tiltaka som er påklaga er vurdert i planprosessen og klagehandsaminga, og tiltaka er ikkje irreversible.
2. I medhald av pbl §§ 1-9 og 12-12 blir klage nr. 9 frå Andrew Greenwood teke omsyn til (pkt. 1 under konklusjon).
3. I medhald av pbl §§ 1-9 og 12-12 blir klage nr. 3, 4, 8 og 10 frå Andrew Greenwood og klaga frå Magny og Asbjørn Erdal delvis teke omsyn til (pkt. 2, 3, 4 og 5 under konklusjonen).
4. I medhald av pbl §§ 1-9 og 12-12 blir klage nr. 1, 2, 5, 6, 7 til Greenwood og klagene til Sverre Meling, Geir Arnfinn Berg, Kristine og Roar Martinsen, Inger og Bjørn Eileraas, Trond Nilsen og Lill Ingrid S Wold, Naturvernforbundet Vest-Telemark, Reidar Huglen, og styret i Haukelifjell Hytteforening ikkje tekne omsyn til (pkt. 6 til 15 under konklusjon).
5. Føresegner vert oppdatert slik det er synt under konklusjonen i punkt 1-5.
6. Klagene som delvis ikkje takast til fylgje og klagene som ikkje vert teke til fylgje vert sendt til Statsforvaltaren til endeleg avgjerd.